

**Brakanes barne- og
Ungdomsskule,
Skeiesvegen 27
5730 Ulvik**

Tlf. 56527400

Rektor mob 40007153

Brakanes.skule@ulvik.kommune.no



5730 Ulvik, 17.02.2016

Til Hordaland fylkeskommune

Per Morten Ekerhovd, kultursjef og Ronny Skaar, utviklingsjef

Emne: Folketonar i ventetid 2015

Hordaland Fylkeskommune

24 FEB 2016

2014/1296

Eg vil gjerne få takka for at Brakanes skule fekk vera den siste av skulane i Hardanger som fekk lov til å gjera denne fantastiske reisa gjennom joletid, tradisjonar og folkeleg visdom saman med Fylkesmusikarane under stødig leiing av Reidun Horvei. God erfaring frå 6 tidlegare konsertar gjorde også sitt til at me fekk laga ein strålende finale i Ulvik 6. desember 2015,

Heilt frå det første møtet ho hadde med lærarane i september, og fram til ferdig forestilling i desember greidde Reidun Horvei å halda kveik i både tilsette og elevar, på ein måte som me ikkje har sett maken til på lenge. Å makta å få elevar frå 1. til 10. klasse til konsentrert å øva på kjende og ukjende songar i to heile timar til endes, 5 veker i strekk var ein stor prestasjon både av dirigenten og av elevane! Det er utruleg kva ein kan få til med kunnskap, struktur og humør!

At elevane sette stor pris på denne reisa viser det utvalet av elevtekstar som skulen sende til Fylket og til Reidun. Ho sette i gang tankar elevane ikkje visst at dei kunne tenkja. Eller ho tok dei med inn i ei vik dei ikkje visste var der – og synte dei ein kulturskatt dei elles ikkje ville blitt kjend med.

Brakanes skule ynskjer fylket lukke til med vidareutvikling av prosjektet, eller liknande prosjekt – det er viktig og utviklande for elevar å få delta i profesjonelt samarbeid med vaksne. Frå foreldre/føresette og publikum elles hausta me berre lovord og klapp på skuldra.

Me ynskjer Reidun Horvei velkomen attende til Brakanes skule med nye prosjekt. Me skal ta vel imot – og me lovar å få det til.

Ekstra hyggeleg var det at me fekk samla krefter og midlar til også å filma konserten og litt av førebuingane. Me fekk med profesjonelle folk både på fotograf-, lyd- og regisida. Produktet er under ferdigstilling, og vil bli oversendt Fylket så snart det er klart.

Igjen, takk for godt samarbeid og lukke til vidare.



Med helsing

Thor Erling Larsen

Einingsleiar, rektor

Telefon: 56527411 / 40007153

thor.erling.larsen@ulvik.kommune.no

Kopi til Reidun Horvei